

Fornyings- og administrasjonsdepartementet
v/ statsråd Heidi Grande Røys
Postboks 8004 Dep
0030 Oslo

FORNYINGS- OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENTET
14 SEPT. 2006
ARKIVKODE: 411
SAKSNR: 200602037-52

Vår saksbehandlar/tlf.
Trond Knudsen, tlf. 917 03 728

Vår ref.
200604681
Dykkar ref.
200602037

Oslo, 13. september 2006

Innspel til regjeringa sitt fornyingsarbeid

Vi viser til brev av 6. juli 2006 der vi blei inviterte til å koma med innspel til regjeringa sitt fornyingsarbeid. Framlegget vårt til innspel er lagt ved.

Forskningsrådet vil gjerne få følgja opp framlegget gjennom eit møte for å leggja fram relevante aktivitetar og moglege tiltak for å løysa ut forskingsresultat som kan styrka fornyingsarbeidet på kort og lang sikt. Vi vil og gjerne diskutera korleis FoU og betre kunnskapsarbeid konkret kan hjelpe departementet til auka suksess med fornyingstiltak.

Med venleg helsing
Noregs forskningsråd


Arvid Hallén
Administrerende direktør



Trond Knudsen
Programkoordinator FoU for IOS
Divisjon for innovasjon

Notat

Emne: **Innspel til regjeringa sitt fornyingsarbeid**

Til: **Fornyings- og administrasjonsdepartementet**
 Frå: **Noregs forskingsråd**
 Dato: **12. september 2006**

Bakgrunn

Forskringsrådet er beden om å koma med innspel til regjeringa sitt fornyingsarbeid. Forskringsrådet legg i dette innspelet vekt på rolla til forskning og utvikling i fornyingsarbeidet, og korleis dette kan styrke innovasjonar og fornyingar.

Forskringsrådet arbeidar for tida med å auka satsinga på forskning og utvikling for innovasjon og fornying i offentleg sektor. Dette inneber auka fokus på kunnskapsgrunnlaget for fornying og innovasjon. Med støtte i NIFU STEP-arbeidsnotat¹ oppfattar Forskringsrådet "innovasjon" som ei ambisiøs fornying der krava til verdiskaping er store. Forskringsrådet meiner det i aukande grad er viktig å understøtta innovasjon og fornying i offentleg sektor med god forskning og utvikling.

Medan mange gjerne meiner at det er meir typisk for privat sektor å gjennomføra fornyingar og innovasjonar med høg verdiskaping, slår både NIFU STEP-rapporten og rapportar frå EU-prosjektet PUBLIN, leia av NIFU STEP², fast at offentleg sektor innoverar i stor grad. Dei offentlege institusjonane bruker moderne kunnskap og teknologi på ein aktiv måte og det finnest også mange entreprenørar i sektoren. Men desse aktørane står overfor andre utfordringar enn innovatørane i privat sektor, noko som gjer at det er behov for særskilte tiltak som kan oppmuntre til nyskaping i denne delen av samfunnet.

Norsk offentleg sektor er bland verdas mest kompetansetunge og avanserte, men kostar mykje å driva og står framfor store utfordringar knytt til vekst i talet på innbyggjarar og krav til tenestene. Forskringsrådet meiner Noreg både har eit høve og ei forplikting til å gå framfor andre når det gjeld robust fornying av offentleg sektor. For å få til dette trengst meir forskning og utvikling for fornying og innovasjon i offentlig sektor.

Status

Forskinga for fornying og innovasjon i offentleg sektor i Noreg blir i dag i all hovudsak styrt av det einskilde departement innafor sitt område. Denne innsatsen synest ikkje å vera koordinert eller synkronisert. Vi er usikker på kor stor denne

¹ NIFU-STEP arbeidsnotat 3/2005 "Notat om innovasjon i offentlig sektor – til utvikling av kompetansegrunnlaget for VIOS"

² <http://www.step.no/publin/>

FoU-innsatsen er totalt sett. Statskonsult har i ei rapport³ peikt på nokre områder der ein treng meir kunnskap og der potensielt for betre innovasjon med meir forskning truleg er høgt:

- Nye samarbeidsformer
- E-forvaltning, innovativ bruk av IKT
- Intern organisering og arbeidsformer
- Tilsyn og tilsynsmetodikk
- Desentralisering, regionalisering og utflytting

Analytikarane til Statskonsult slår fast at sektorisering er eit hinder for innovasjon og utvikling. Fornyng som motverkar sektorisering vil truleg opna for innovasjonar knytt til offentlege tenestar motinnbyggjarar, næringsliv og internt i offentlig sektor. Her kan forskning få ein større rolle både for å få auka kunnskap om kor sektoriseringa kan overvinnast, og om korleis ein best mogeleg kan gjera det.

Mål og prioriteringar

I Forskingsrådet er det nyleg gjennomført ei analyse⁴ som grunnlag for ei betre samordning og koordinering av forskning og utvikling i offentlig sektor. I denne rapporten heiter det at

- det er rom for betre å fokusera resultat relevant for innovasjon i offentlig sektor i ein del programmer ved å gjennomgå og tilpasse formål, målgrupper og søknadstypar
- det er potensial for å forbetra rapporteringa av resultat relevant for innovasjon i offentlig sektor
- ein bør vurdere om arbeidet for innovasjon i offentlig sektor bør bli prioritert høgare innafor relevante program og aktivitetar

I tillegg blei det peikt på at ein bør sjå nærare på potensialet i ei betre koordinering med relevante program og tiltak utafor Forskingsrådet. Det er nå i gong eit arbeid for å konkretisera tiltak for å styrka arbeidet for innovasjon i offentlig sektor. Forskingsrådet legg i planarbeidet til grunn at investering i FoU for innovasjon og fornyng har ei lønsemd i øvre del av lønsemd-skalaen til forskingsinvesteringar generelt, og kanskje på høgde med lønsemda av FoU for innovasjon i næringslivet.

Knytt til budsjettet for 2007 har Forskingsrådet gjort framlegg om følgjande satsingsfelt for forskning og utvikling med serleg stort potensial for fornyng og innovasjon for offentlig sektor:

- Trygge og sikre e-tenester, e-forvaltning og e-demokrati for innbyggjarar og næringsliv
- Styring, organisering og samarbeidsformar for økt tenestekvalitet og – produktivitet og betre ressursutnytting i kommunar, regionar og nasjonalt
- Kompetanseutvikling på tvers av sektorar og nivå, spesielt knytt til
 - Verksemd i kommunane
 - I det statlege tenesteapparatet for næringslivet
 - Innan helse- og omsorgssektoren

³ Til dømes Statskonsult-rapporten ”Strategier og planer for innovasjon og fornyelse i offentlig sektor”, Oslo, mai 2006.

⁴ ”Koordineringsgruppen for FoU for innovasjon og fornyelse i offentlig sektor – rapport”, intern rapport avlagt 18.5.2006.

Forskningsrådet kan styrke offentlege tiltak for fornying gjennom forskning initiert i alle divisjonane. *Divisjon for vitenskap* har serleg ansvar for kunnskapsgrunnlag mellom anna innan samfunnsvitenskap, økonomi, helse- og omsorgsfag. I tillegg er kunnskapsgrunnlag og anvend forskning frå program som *Helse og omsorgstenester* viktig for fornying i framtida.

Divisjon for store satsingar har serleg ansvar for forskning for politikktutforming, noko som vil ha auka verdi for fornyingsarbeidet gjennom mellom anna programma *Praksisretta FoU i grunnopplæring og lærarutdanning* og *Program for demokrati, styring og regionalitet*. Ein fokuserar også på forskingsbasert evaluering, til dømes evaluering av den store reformen av universitets- og høgskolane ("Kvalitetsreformen") som blir avslutta til årsskiftet, og med eit eiga nystarta program knytt til arbeidet med NAV-reformen. Forskningsbaserte evalueringar har stort potensial for å betre kvaliteten til fornyingstiltak på kort, men og på lang sikt.

Divisjon for innovasjon har eit overordna ansvar for FoU for innovasjon i offentlig sektor, og leverer kunnskapsgrunnlag gjennom programmet *Forskning for innovasjon og fornying i offentlig sektor*. I tillegg er programma *ITFunk*, *Matprogrammet* og *Næringsretta høgskolesatsing* retta mellom anna mot både kunnskapsgrunnlag og faktisk fornying i offentlig sektor.

Aktiviteten *Verdiskapande innovasjon i offentlig sektor* er direkte retta mot forskning for fornying og innovasjon, og har nettopp hatt si første utlysning. Den fekk stor respons over eit vidt spekter av utfordringar. Tildelinga vil skje primo oktober. I tillegg har divisjonen ansvar for demonstratorprogrammet *Høykom* som stimulerar til fornying innan tenester med breidband. Demonstratorprogram er eit viktig verkemiddel som både opnar for uttesting av forskingsresultat og identifiserer underforsa område.

Tiltak og reformer

Forskningsrådet gjer framlegg om at Fornyings- og administrasjonsdepartementet opnar for enklare

- samarbeid om forskning og utvikling for offentlige verksemder som driv eller vil starta med fornyingsarbeid
- innkjøp av forskning og utvikling frå offentlige eller private forskingsmiljø for offentlige verksemder
- formidling av resultat frå forskning i inn- og utland som er relevant for pågåande eller nytt fornyingsarbeid

Nokre faktorar som kan ha positiv innverknad på auka bruk av forskning, kan vera å få betre utnytting av "Lov om forsøk i offentlig forvaltning" (1992-06-26), å opna for ei større toleranse for styrt risiko i offentlig økonomi, stimulering til auka internasjonalt samarbeid og til meir langsiktig planlegging.

I denne prosessen kan Forskningsrådet stille med

1. ei betre organisering av forskning for kunnskapsgrunnlaget for fornying og innovasjon, inkludert indikatorar for måling av verdiskaping i offentlig sektor
2. ei betre rapportering av relevant forskning nasjonalt og internasjonalt
3. ei betre utnytting av forskingsresultat til fornying og innovasjon

4. ei styrking av forskingskompetansen i Noreg og internasjonalt for fornying og innovasjon i offentlig sektor
5. ei mobilisering av private bedrifter, andre kompetansemiljø, organisasjonar og innbyggjarar i meir forskning og utvikling for fornying og innovasjon
6. utvikling til ei betre arena for formidling av forskning og forskingsresultat for offentlig sektor
7. ein betre samarbeidspartnar for offentlig sektor når det gjeld forskning og utvikling for fornying og innovasjon

Forskringsrådet vil ta initiativ til drøftingar om framtidig organisering av forskning og utvikling for fornying og innovasjon og om prioriteringa av arbeidet for innovasjon og fornying i offentlig sektor i Forskringsrådet.
